



Byggmester Nils J Solend As
Stølen 12
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/6047 - 23/71503

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
13.09.2023

Tilbakemelding etter samtale - gbnr 445/410 Manger nedre

Vi viser til søknad om ferdigattest for bustad på gbnr 445/410, vårt brev om manglar i saka datert 23.08.2023 og samtale om saka.

Søknad om ferdigattest for tiltak som er godkjend etablert i 2009 skal behandlast etter plan- og bygningslova av 1985. Ved innsending av søknad må det leggjast ved kontrollerkjøringar for prosjektering og utføring slik vi har skildra i vårt tidlegare brev. Dersom det ikkje er mogleg å innhenta kontrollerkjøringar i dag fordi føretaket ikkje eksisterer, må nytt føretak erklæra ansvar og oppdatert gjennomføringsplan leggjast ved. For tiltak på eigen eigedom kan tiltakshavar søkja om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar.

Vi ser av kommunen sitt arkiv at det er gitt ferdigattest for bygg på nabotomta gbnr 445/409 utan at det låg føre kontrollerkjøringar eller mellombels bruksløyve for bygget slik du opplyser. Vedtak om ferdigattest er her fatta ved ein feil. Eventuell oppfølging av dette vil skje i eiga sak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.10.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggmester Nils J Solend As

Stølen 12

5911

ALVERSUND